



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - AUGUST 2013

18. ÅRGANG



”Berre ein fugl”
Av Paul Gåsøy

Frå død til liv

Av Magne Bildøy

Tekst: Johannes 11, 43-44

Ein sommar nærmar seg slutten. Ferie, turar og uteliv er tilbakelagde. Opplevingar blir til minne. Trekkfuglane set kursen mot varmare himmelstrøk. Plantar og blomar visnar. Fargane blir færre og mangfaldet mindre. Lauvet fell etter kvart til jorda og døyr.

Våre liv har på eit eller anna tidspunkt ein ende. Somme tenkjer ikkje så nøye over at våre mangfaldige aktivitetar og opplevingar ein dag er over. Andre har forsona seg med tanken på at livet tek slutt.

Levealderen stig stadig her i landet. Vi får høyre at legg vi om kosthald og livsstil, kan vi forlenge livet. Dei fleste av oss lever eit langt liv. Når unge menneske døyr, er det difor eit sjokk for venner og familie. Marta og Maria opplevde tragedien. Broren Lasarus døydde av alvorleg sjukdom i unge år.

Så kjem Jesus til Betania. Jesus ropar: «Lasarus, kom ut!». Og Lasarus kjem ut av grava. Han er igjen levande. Gleda bryt fram i småbyen Betania i dagane og vekene som følgjer. Lasarus, som alle nettopp sørgde over, er ikkje død. Han er igjen mellom innbyggjarane i landsbyen. Det er ikkje eit sunt levevis som forlenger Lasarus sin levealder. Det er Jesus som gir ein høgare levealder i Betania.

Evangeliet fortel ikkje berre at Lasarus stod opp frå dei døde. Kristus døydde på ein kross. Jesus vart ikkje verande i døden. For Jesus Kristus stod opp frå grava. Gud reiste sonen sin opp frå dei døde. Guds son har liv i seg sjølv, så døden kunne ikkje halde på han.

Jesus vart reist opp til eit evig liv. Å leve i tru på Jesus Kristus inneber at livslengda blir auka. For Jesus inviterer oss med i det evige livet. Kvar den som trur på Jesus, står opp frå grava og har del i livet etter døden.

Jesus gir oss dermed håp. Den som trur at Guds son stod opp frå dei døde, går eit evig liv i møte. Etter døden ventar ein ny sommar - i glede og fellesskap med alle som er oppreiste av Jesus.



Lokale lyrikarar

Kveldsong

Av Kaare Lervik



Diktet *Kveldsong* er skrive av Brynjulv Salthamar. Han vart fødd 27. november 1883. Det er svært få som veit noko om han, men han har lagt att fleire vakre dikt etter seg, og dette har ført til at mellom andre Olav Venås frå Skorgevik har fatta interesse for mannen. Kyrkjebladet byggjer i hovudsak på opplysningar han har gitt. Alt i 1900, halvanna år etter at han var konfirmert, reiste han til Amerika. Han treivst dårleg der borte, så etter to - tre år kom han attende til Vestnes. Da vart han med i Vestnes Musikklag, og som det naturtalentet han var, spela han òg fele. Dette var ei triveleg tid for den unge guten, men grunna dårleg økonomi, måtte han enda ein gong reise til Amerika. Det var i 1904. Han slo seg da ned i Minnesota og dreiv som målar til han vart sjuk og måtte reise heim att. Vel heime fekk han seg arbeid på eit av verfta. Han melde seg inn i ungdomslaget som presten Ingvar Bøhn hadde skipa. I 1908 vart han leiar for laget. Der skreiv han i lagsavisa *Tanken*, men han skreiv òg i andre blad. Eit dikt som *Bøgda* mi kan ein i dag finne som ein av bygdesongane Romsdal Sogelag presenterer på heimesida si. Brynjulv Salthamar var ein ihuga målmann og likte dårleg at folk knota på bymålet. Han var òg med i godtemplarlosjen *Ivar Aasen*. Ein kan vel trygt seie at dette var ein svært aktiv ung mann. Diverre var helsa dårleg, og med tæring hamna han på Helseheimen. Der døydde han 14. mars 1913 knapt 30 år gammal. Dei to siste åra han levde, skreiv han fleire dikt som vitna om at livet gjekk mot slutten. Eit av dei er det vakre diktet *Kveldsong*. Johan Slyngstad sette tone til diktet, og svært mange kor har hatt denne songen på repertoaret. Ungdommar og venner samla inn pengar til ein minnestein på grava hans. På steinen står det: *Takk for trufast strev og godt føredøme*. Sidan ingen betalte festeavgift for grava, vart steinen for relativt kort tid sidan fjerna frå kyrkjegarden. I siste liten vart steinen funnen att og såleis berga. Æra for det har Olav Venås. Saman med klubbvennene sine samlar han inn pengar til oppussing av steinen og til festeavgift slik at steinen får sin plass på grava igjen.

Diktet *Kveldsong* sto på prent i bladet *Stille Stunder*, *Eit norskt Blad fyr Tru og Gudlegdom* den 22. juli 1911.

Kveldsong

Stille, stille alt er fred,
bygdi ligg og drøymer.
Grannen no til Gud visst bed,
tru han nokon gløymer?


Kjære du, som ljuset gav,
lys og opp her inne,
so naar eg daa somnar av
heim til deg kann finna.

Klokka tikkar, næter gjeng,
eingong kjem den siste.
Tru kor lenge livet heng?
Den som berre visste -

Den som visste, den som saag
alt det løynde sæle.
Kanskje vart me mindre fjaag,
enn um me laut fæla?

Eit eg veit og trur for visst,
smaa er vaare tankar.
Hjelp oss difor Herre Krist,
bryt du alle vanskar.

Hjelp oss du, vaar eigen skatt,
du, som streid og strider.
Hjelp oss du i denne natt,
hjelp oss alle tider!



Framhald av lokale lyrikarar på neste side.

I pottemakarens hender

Av Kaare Lervik



Helma Misund er ein kjenning for mange i Vestnes. Innan utgangen av dette året vil ho fylle 90 år. Utallige fjellturar har ho hatt, og svært mange fiskar har ho tatt, noko som er ei side av livet hennar, men ho har òg ei kunstnar-side. Heilt frå ho i det heile kunne skrive, har ho laga dikt. No har ho sett punktum. Også det har ho gjort med eit dikt:

*Diktet skal vere som hogge i stein,
eller skrive med svijarn på veggen.
Eg skynar ikkje at dette kan skje
når eg ikkje har meisel å gjere det med
og svijarnet kolnar i essen!*

Helma Misund har skrive på bestilling, men framfor alt etter inspirasjon. Ho har skrive mange prologar i forskjellige høve, pro-satekster har det òg vorte, men poesien har lege hennar hjarte nærast. Det er gjennom diktet ho har arbeidd med inntrykk ho har fått frå opplevingar av forskjellig slag. Diktet I pottemakar-ens hender kom etter at ho for nokre år sidan høyrde preika under ei gudsteneste i radioen. Presten preika over Jesaja 29,16.

I pottemakarens hender

*I pottemakarens hender
ligg leirklumpen, tung og grå.
Korleis han snur og vender,
er emnet hans lite å sjå.
Men dette leirgråe emne
skal bli til ei krukke fin,
ei krukke med smekre hankar,
til vatn – eller til vin.*

*Og pottemakarens hender
knar leirklumpen smidig og glatt,
legg han på skiva og sender
hjulet med foten i fart.
Med fagmannens flinke fingrar
dregst leira opp i fasong.
Finn han at verket lykkast,
stemmer han i ein song.*

*Men tidt tek han krukka ned att,
knar leira til klump på nytt.
No skal han bli ein bolle,
intensjonen er bytt.
I pottemakarens hender
blir leira aldri slengt ut.
Alle emne blir ferdige
bruksgjenstandar til slutt.*

Dikt av Elisabeth Sønstabø

ved Kari Nakken

Elisabeth er velkjend som gledes-spreiar og oppmuntrar for mange. Ho tek imot kvar dag som ei gåve, og vil bruke han i positivt samspel med medmenneska. Elisabeth har skrive mange dikt og formidla mykje livs-visdom. Vi presenterer to av dei her:

Skjønnhet

Ung og vakker og glatt i skinnet,
det er nåtidens skjønnhetskrav.
Skjønnhet fins også lenger inne,
den som øynene speiler av.
Ytre preg vil du fortsatt møte,
blank effekt for å fange blikk.
Men i dybden, og bak fasaden,
er det vel verdt å ta en kikk!

Ved gravstedet

Vær glad for at du eier følelser,
for sorgen, for takk og for smerte.
Freden får du i sinnet, sorgen sitter
i hjertet.
Vær glad for at gravstedet finnes,
og at det er mulig å nå.
Du steller der pent, du minnes,
og følelser strømmer på.



Ei sak eg brenn for

av Kristine Eidhamar



Det å få til ein levande òg aktiv kyrkjelyd, der det sprud-lar av liv, og der små og store, born og unge samlast med glede, har vore noko eg har brunne for. For å få dette til innsåg eg tidleg at me måtte få bygd eit kyrkje-lydshus så nær kyrkja som mogleg. Det vart viktig å starte arbeidet med å få det til. Det er ei stor glede at det arbeidet er

nådd. Mange har teke del, og mange er glade og takksame for huset. For å halde det i gang er det viktig at me står opp med midlar heile tida. Soknerådet bør sleppe strevet med å få inn midlar til nedbetaling av lån og drift av huset, så dei kan bruke kreftene på å få levande liv og aktivitet der.

Å ta del i gudstenesta har og vore viktig for meg. Det er høgdepunktet på søndagen. Når det ikkje er gudsteneste i kyrkja, er radioen ei god erstatning. Eg trur det diverre er mange som ikkje har oppdaga kva rikdom liturgien inneheld. Han er mektig og innhaldsrik. Eg maktar visst berre å få tak i ein liten flik av det store livsmysterium som liturgien prøver å dele. Eg er ikkje berre glad for at han skulle endrast på. I gudstenesta i ei kyrkje på Madagaskar opplevde eg at også små born kan leve seg inn i det. Som gjester fekk me plass lengst framme. Mot oss på trinna opp til podiet sat det rekkjer av born i 8-10-årsalderen. Dei fylgde ivrig med i den vesle liturgiboka dei alle hadde. Eg vart imponert.

Tidlegare rektor på Misjonshøgskulen, Knut Holten, hadde opplevd noko tilsvarande. Han var på gudsteneste i hovudstaden på Madagaskar, i den eldste lutherske kyrkja der. Det var mellom 1500 og 2000 til stades. Rett mot han sat ei jente på ni år saman med storesøster. At born i den alderen fylgjer med i liturgien, har han sett mange gonger også i Noreg. Born er glade i ritual og faste former. Denne jenta tok også opp Bibelen og fylgde intenst med i alle tekstene, og ho kom førebudd til gudsteneste! Det låg bok-merke ved tekstene for dagen. Medan tekstene vart lesne, fylgde ho nøye med, fingeren fylgde tekstene frå linje til linje. Denne jenta var ikkje den einaste. Slik sat hundrevis av born og unge i denne kyrkja.

Sjølvs opplevde eg eit rikt og nært gudsfellesskap frå dei tidlegaste barneår og opp gjennom skulealder; dette takka vere heim og skule. Forklaring og bibelsoge gav meg mykje. Læring av bibelorda i forklaringa gav rikt gudsfellesskap. Ordet er levande. Det er ei stor oppgåve for både foreldre og kyrkje å fylgje opp dåpslovnaden, så ikkje born og unge blir snytte for å få del i den rikdom av livsinnhald som trua kan gje.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest
Telefon: 71184234 / 90829737
E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest (permisjon)
Telefon: 71184236 / 91123045
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, vikarprest
Telefon: 71184236 / 99717442
E-post: imj@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, kyrkjevevjerje (sjukemeldt)
Sigurd Moltubak, vikar for kyrkjevevjerje:
Telefon: 71184235 / 92086951
E-post: kyrkjevevjerje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon: Telefon: 71184237
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Trusopplæringsmedarbeidar: Telefon: 71184238

Nina Kvernmo, Trusopplæringsmedarbeidar
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Endringar på kyrkjekontoret i haust

Sokneprest Signe Hellevik har studiepermisjon 9.sept.- 2. des.
Vikar i prestestilling: Inger Marie J Sylte.
Vikar for trusopplærar: Ragnhild Brakstad.
Diakon Ellen Edvardsen er tilbake etter avslutta permisjon.
Sigurd Moltubak er vikar for kyrkjevevjerje frå 12. august.
Prest Magne Bildøy avsluttar sitt vikariat 18.august.



11-åringar i Vestnes kommune, noter datoane:

Lys vaken i Tresfjord og Vike: 16. og 17. november
Lys vaken i Fiksdal: 30. november
Lys vaken i Vestnes: 30. november og 01.desember

Konfirmantar i Vestnes våren 2013



Tomrefjord og Øverås konfirmantar den 28. april og 5. mai.
(foto: Kari T. Utgård)



Helland konfirmantar den 9. og 12. mai.
(foto: Kari T. Utgård)



Fiksdal konfirmantar den 26. mai.
(foto: Jonny Frostad)



Tresfjord og Vike konfirmantar den 9. og 25. mai. (foto: Torgeir Utgård)



Sjømannskyrkja i Miami

Emil Utgård Andreassen som for tida bor i Miami, vart konfirmert i Sjømannskyrkja i Miami den 31.mars. Det var 3 norske ungdommar som blei konfirmerte av kapellan/ sjømannsprest Olav Sindre Aarvik. Det var ei høgtidleg og fin gudsteneste og ei fullsett kyrkje.

Glimt frå trusopplæring for barn og unge våren 2013

Av Inger Marie J. Sylte

I fleire år har kyrkjene i Vestnes hatt fokus på å lage til ein målretta plan for barn og unge slik at den kristne læra er lett tilgjengeleg. Det er eit sterkt ønske og mål frå kyrkja si side at dei som veks opp i kommunen, kjenner seg inkludert i kyrkja sitt arbeid og at dei får kjennskap til den kristne trua. Trusopplæringa vil gi aldersgruppene i dei ulike sokna jamleg til-

bod som er tilpassa deira årssteg. Det som er ekstra kjekt no som trusopplæringa har gjennomført fleire tiltak i mange år, er at vi som arbeider kyrkja, opplever at barna kjem igjen gong etter gong. Eit lite glimt frå nokre av vårens trusopplæringstilbod kan du sjå nedanfor. Vi ser fram til ein ny haust der det vil vere nye mulegheiter for å få kjekke opplevingar med kyrkja.



"Ut på tur med kyrkja". I pøsande regn gjekk 9-åringar frå Vestnes sokn frå kyrkjekontoret og opp til kyrkja. På vegen var det ulike stopp og oppgåver for å sjå og oppleve det skapte som vi lever i.



"Ut på tur med kyrkja" avsluttar alltid rundt alterringen i Vestnes kyrkje. Her får barna ta mot Guds rike velsigning av trusopplæringsmedarbeidar Nina Kvernmo.



"Pinsefest". Topp Safari, trusopplæringstilbodet i Vike og Tresfjord, hadde 2- og 3-åringar på besøk i Vike kyrkje. Her fekk dei feire kyrkja sin fødselsdag med bibelhistorie og festbord.



"Pinsefest". Barn og vaksne fekk vere i kyrkja saman og høyre om kvifor barnehagen held stengt på Kristi Himmelfartsdag, og at pinsa er ei kyrkjeleg høgtid.



10- og 11-åringar fekk bli med på fisketur og lære om kva fisk har som betydning i den kristne trua. Det vart eit godt fiskevêr med skiklege regn. Godt var det at Emil Balstad opna opp naustet sitt, slik at vi fekk sitje inne der og høyre bibelhistorier og ete opp fangsten.



Alle babysongarar i kommunen samlast til ei felles avslutning i Tresfjord kyrkjestove. Både kantor Sissel Schjøtt og trusopplæringsprest Inger Marie J. Sylte var med for å leie songen og lage til eit godt fellesmåltid.



"Pinsefest". Bibelhistoria om pinseunderet vart fortald gjennom flanellograf.



Mange 8- og 9-åringar frå Vike og Tresfjord sokn møtte opp på Daugstad for å lære om at Gud har skapt oss med skapande evner. Dei fekk høyre bibelhistoria "hus bygd på fjellgrunn". To hytter vart bygde for å praktisere bodskapen.

”Berre ein fugl” av Paul Gåsøy

Ved Kari Moe Elgsaas

Forsidebiletet i denne utgåva er eit arbeid av Paul Gåsøy, den einaste internasjonalt kjende kunstnaren i Vestnes. Han har vore representert på ei rekke utstillingar i inn- og utland. Gjennom eit langt kunstnarliv har han tilført biletkunsten noko nytt både i form, stil og teknikk. Stilen hans ”tankane i skuggen”, måten han lagar skyer på, og den spesielle skrapeteknikken hans, er nyskapande og har difor fått positiv omtale av kunsthistorikarar og kunstkritikarar. Alle desse tre uttrykka er representerte i bilet-utvalet her. Elles har Gåsøy nytta mange ulike teknikkar i verka sine. Det dei alle har felles, er detaljrikdom.

”Berre ein fugl” frå 1998 er eit litografi med sterk symbolikk og med eit kjent gjennomgangsmotiv for alle som har følgd med i Gåsøy sine arbeid: den vesle, skada og redde fuglen som ser rett på oss. Kva har fuglen vore utsett for? Kvifor er han redd? Vil han vere i stand til å flyge igjen? Slike spørsmål kan vi stille utan at kunstnaren gir oss svar. Det vi ser, er likevel at fuglen er undervegs, han står ikkje stille. Vi ser at han går i retning av stamma på treet, greina blir tjukkare og meir solid der han er på veg. Samtidig ser vi at fuglen har eit håp, ein draum eller eit mål. Dette går fram av den heilt unike metoden Gåsøy utvikla så tidleg som i 1957 til illustrasjonar i blad, og har halde fram med å bruke: ”tankane i skuggen”. Den fortel oss noko om undermedvit, lengt, håp, draum eller framtid. I skuggen under fuglen og under greina han går på, ser vi kva draum, håp, trøst eller mål fuglen ber med seg. Her er han verken åleine, redd eller einsam. Her har han funne eller blitt gjenforeina med ein make. No er dei to og utgjer ein fellesskap. Fuglen framstår no som både frisk og flygedyktig. Vi kan difor halde fram med å stille spørsmål utan at biletet gir oss dei svara vi søkjer. Vil denne skada fuglen likevel finne ein make, ein fellesskap, lykke eller livsinnhald? Vil han få realisert draumen han ber på? Er det mogleg likevel?

Di meir vi studerer biletet, di klarare blir det at dette ikkje handlar om fuglar, men om oss menneske. Kven har ikkje kjent seg einsam, liten og redd? Kven har ikkje vore halden oppe i vanskelege tider eller vanskelege situasjonar av eit håp, ein draum, eit mål? Mange har til og med opplevd at det umoglege har blitt mogleg. Vidare kan vi lure på om biletet viser individet si sjølvforståing, eller om det er den utanforståande si oppfatting av dette enkeltindividet som blir avdekka for oss i biletet. Biletet i seg sjølv gir oss ikkje svaret, men det utfordrar både fantasien vår, kjenslene våre, intellektet vårt og kanskje framfor alt fordommane våre.



”Størst av alt er kjærleiken” (nedst på sida) er eit arbeid i akryl, grafitt og negroblyant frå 1989. I dette bestillingsverket frå Vestnes Kommune, som heng i kommunehuset, finn vi i igjen ”tankane i skuggen”-motivet. Her er det ein ung mann sine tankar og håp vi får innblikk i i dei to hovudbileta. Den unge mannen drøymar om og lengtar etter å stifte familie. Slik fuglen lengtar mot fellesskap, lengtar mannen mot fellesskapen mellom far, mor og barn. Ramma rundt dei to hovudbileta, den som minner om eit tre med greiner, eit livstre kanskje, inneheld ei rekke mindre bilete som alle understrekar tittelen og hovudmotivet. Her ser vi mellom

anna hender som blir strekte mot kvarandre, hender i famntak og barnehender med fast og trygt grep om vaksne hender. Dette storslåtte biletet har vore på separatutstilling i Tegneforbundet i Oslo i 1991 og i Trondheim Kunstmuseum i 1994.

”Snart var me tre”, frå 1973 har også vore på prestisjetunge separatutstillingar i både Bergen Kunstforening og i Kunstnerforbundet i Oslo i 1975. Her ser vi skrapeteknikken Gåsøy har utvikla. Dessutan ser vi at stilen hans ”tankane i skuggen” er brukt, og eit av hovudmotiva i produksjonen er nytta. I tillegg ser vi her den særeigne skyformasjonen Gåsøy har utvikla. Skya er flortynn, ja nesten gjennomsiktig, men ho er solid nok til å bere ein draum, eit ønske, eit håp uansett kor stort eller lite det måtte vere, kan det sjå ut til. Men kanskje kunstnaren sjølv har heilt andre tankar omkring desse særeigne skyene han har skapt. Kanskje han også har villa formidle noko meir og noko anna enn det eg her har lese ut av bileta hans.

”Berre ein fugl (3)” frå 1973 viser ein heilt annan type fugl enn forsidebiletet viser. Her ser vi ein breibeint fugl med rank nakke og brusande fjør. Representerer denne fuglen ein arrogant og sjølvvrettferdig maktmisbrukar, tru? Eller er han kanskje berre stolt, tilfreds og sjølvsikker? Svaret på spørsmåla er avhengig av

korleis vi tolkar resten av innhaldet i teikninga. Etter mitt syn er denne tusjteikninga fleirtydig, og ho er formidla med både humor og ironi. Teikninga understrekar Gåsøy sitt store talent for å teikne fuglar. Det er ikkje vanskeleg å forstå at han har motteke ein kjend teiknepris for ei teikning med fuglemotiv.



Over til venstre: Berre ein fugl (3).

Over: Snart var me tre. Til venstre: Størst av alt er kjærleiken.

Kva er dette livet?

Av Per Bjørn Ellingseter

Kva er dette livet?
Kor kom det der?

Dette er eksistensielle spørsmål som menneska har leitt etter svar på i alle tider. Ein av mange som har spekulert på dette, var sunnmørin-gen, diktaren og vitskapsmannen *Ivar Aasen* (1813-1896). Når vi i år markerer at det er 200 år sidan han vart fødd, fell det naturleg for oss vestnesingar å spørje: *“Har Ivar Aasen hatt noko med bygdene våre å gjere”?* Svaret må bli at det har han, om enn ikkje så mykje. Vår frittalande og skrivande sokneprest *Krohg* var så langt frå nokon målmann. Han skreiv i ein artikkel at *“de norske dialekter er døende, ligesåvel som de gamle klededragter, spedalskheden og skabben”*. Dette provoserte lokale ungdommar i Tresfjorden, og som ein pro-test mot soknepresten sitt språksyn sette dei opp Aasen sitt syngespel “Ervingen” i 1878, lenge før det var ungdomslag eller ungdomshus i bygdene. Frå 1837 til 1844 var Aasen huslærar hos kapteinsfamilien *Daae* på Solnør. Den tida gjorde han mange botaniske undersøkingar i områ-det, og 10. september 1837 gjekk turen til Blåskjæringen, i dag grense-fjell mellom Haram og Vestnes kommunar. I dagboka si frå turen skil-drar han grundig observasjonane sine, men det går fram av rapporten at vêret nok øydela noko av utbyttet av turen: *Hjemmefra Kl. 9 Fm. gjennom Liden, Fylling og Engsæth, derfra over Ekrolsæteren og paa Engsæthfjeldet, derfra ned i Våtnedalen og over samme ved Krogsæteren, saa opad mod Skjæringerne, hvis Top jeg naaede omtrent Kl. 3 Eft. Den overordentlige Udsigt hindredes noget ved en slimig Luft og ved en Regniling, der først viste sig i Syd paa en 8-9 Miles Afstand, men lidt efter lidt marscherede nærmere, og endelig ved Nedgangen af Fjeldet mødte mig og gjorde sin Kompliment. Tilbagereisen gik ned igjennem Våtnedalen og over Beiteskaret og fremdeles samme Vei som Fremreisen. Jeg kom hjem ved Kl. 9 om Aftenen.* Etter at han hadde samla seg eit svært herbarium, reiste han i 1840 til Molde for å vise samlinga til prost Deinboll: *Foretaget en Reise til Molde. Hjemmefra Kl. 7 fm., til Sjøholt 8 1/2, Lande 9. Alene og tilfods til Nysæteren, derfra i Følge med Kaptein Daae til Fremstedalen Kl. 12, og til Remmem 2 eft. Derfra Kl. 3 og til Molde 5 1/4, den øvrige Deel af Dagen gennemseet Byen.* Turen frå Solnør til Molde tok altså 10 timar og eit kvarter den gon-gen! Det faglege utbyttet av reisa vart ikkje heilt slik som han hadde håpa på, men: *- i andre Henseender var Reisen dog temmelig fordeelagtig for mig, som aldrig før har været udenfor Fogderiet, og ikke seet anden by end Aalesund.* Også i nokre andre korte glimt fortel dagbøkene at han var innom Vestnes i dei 7 viktige åra på Solnør. Men så tilbake til det vi starta med. Det er i det velkjende diktet “Vit og tru” (1875) at Ivar Aasen stiller desse spørsmåla, og mange andre. I siste verset får vi Aasen sin konklusjon. Vitskapsmannen, den sjølvlærde granskaren av språk, botanikk og andre fagfelt, innsåg at: *Nei, vesle vitet det rekk ikkje til. Ei tru må stydja oppunder, - ei tru, som trøysta og styrkja vil i myrke, stormande stunder. Eg vonar, den visdomen hjelper mest, som med slik ei tru kunde semjast best.*



Blåskjæringen sett frå Åsfjellet.

Eit anna, mindre kjent dikt av Ivar Aasen er salmen “Takk vere Gud”. I mange av dikta hans, m.a. i “Ervingen”, kjem kjærleik og takksemd til heimen og bygda, “gamle grendi”, tydeleg fram. I denne fine salmen knyter han også eit religiøst perspektiv til denne kjærleiken og takksemda, og viser igjen at trua må vere med (sjå siste verset):


*Takk vere Gud, som gav meg liv og ande,
og let meg sjå hans vene, rike jord.
Og let meg sleppa fri frå all den vande
som kunne felt meg før mi gjerd var gjord.*

*Sæl var den dagen då eg ljuset nådde,
og såg Guds fagre sol og heimsens dag,
og kjende gleda, endå før eg gådde
at eg var til, og stod i broderlag.*

*Og då eg såg dei mange liv som sviva
i tusund skap om både land og sjo,
og tenkte på den makt som alt kan driva,
at dyr kan liva og at gras kan gro.*

*Sæl var eg, at eg kom i gode grender
der dygd og sanning var til noko vyrd.
Og at eg fram vart leidd på milde hender,
at læra meir om mannens skyld og byrd.*

*Der fekk eg lært ei tru som lyfter hugen
på sterke stigar over sorg og naud,
der fekk eg læra prov av rette dugen
som gjerer mannen mint, om han er daud.*



Ivar Aasen.

Møte med Kristine Eidhamar: Glimt frå eit aktivt liv

Av Kari Moe Elgsaas

Øvst på Eidhammaren med flott utsikt til fjord og fjell steller Kristine eit mønsterbruk av ein hage. Hagen ligg bratt til og er slik sett tungdriven. Likevel bognar han av allslags grønsaker, frukt, bær og blomster som er ivaretekne av flittige hender og dagleg omsorg. Sjølv om ho er raus med å gi bort, har ho i mange år vore sjølvberga på både grønsaker, frukt og syltetøy. På spørsmålet om kva epletre ho meiner det er lurt å satse på i vårt klima, svarer ho utan å nøle, Discovery. Det er ei pryd for auget både når det blomstrar og når det ber frukt. Smaken er utsøkt, sorten er lite utsett for sjukdom, epla er haldbare ved lagring og treet er riktberande. Men ein må hugse å tynne, understrekar ho. Kristine har vore sjølvberga på ved også. Furutrea som ho sjølv har plan-ta, blir felte etter kvart som dei blir for store og gir for mykje skugge. Då er det i gang med øks og sag, deretter loding i snorrette vedlad under tak til god tørk. I mange år var ho også sjølvberga på fisk. Ho drog torsk i februar og mars, makrell i juli og august. Slik lever den pensjonerte læraren i dag etter 40 år i norsk skule, dei siste 20 åra i Skorgen/Tresfjord. Kristine gjekk ut av Lærarskulen i Volda i 1955. Ho tok seinare vidareutdanning i tekstilforming og grunnfag i kristendom ved Universitetet i Trondheim, og kom til Tresfjord etter å ha undervist fleire stader i landet. Ho starta på Helgøya i Mjøsa med ei årsløn på 10.000 kroner, lærarbustad med utedo og vedfyring i klasse-rommet. Sjølv er ho glad for denne erfaringa frå “gamletida”. Ho sit i dag på eit hav av kostelege forteljingar frå dette første skuleåret, men også med sterke historier om bønefellesskap og konkrete bønesvar. Kristine sitt møte med arbeidslivet starta likevel ikkje med lærarjobben. Som så mange andre unge jenter i Tresfjord og i dei fleste andre bygder, var ho setertaus i ei årrekkje. Det var hardt, men triveleg arbeid. Etter at onnearbeidet heime på garden var unnagjort, tok ho og dei andre jen-tene med seg mjølkespann og gjekk opp på Eidhammarsetra for å mjølke. Var dei heldige, fann dei kyrne på setervollen, og arbeidet kunne starte. Når mjølkinga var unnagjort, og spanna plasserte til kjøling i brønnen, kunne dei ta litt fri før dei gjekk til ro i seterbua. Men om dei måtte leite opp kyrne først, vart det smått med fritid. Neste morgon var det opp til ny mjølking. Etter at kjørelda var reingjorte og mjølkespanna sende ned løypestrengen, gjekk dei heim for å ete frukost før ein ny arbeidsdag venta. Søndag var velfortent fridag for ungjentene. Som mange veit, har Kristine skrive boka :”Seterliv i Tresfjord”. Slik har ho vidareformidla denne kulturtradisjonen for ettertida. Kristine sin innsats for heimbygda og kulturlivet femner vidt. Ho til-høyrer den generasjonen vestlandslærarar som ivra for kristendom, avhaldssak og målsak. I tillegg til eit allsidig arbeid for kyrkja, soknerå-det og bedehuset har ho vore aktiv medlem i og leiar av både Sjømanns-misjonen, Misjonsforeininga Dagry, Misjonsselskapet si kvinneforein-ing og LMF – Lærerinnes Misjonsforening. Utan Kristine sin innsats hadde aktiviteten i desse foreiningane vore merkbart lågare. Mange er takksame for det omfattande arbeidet Kristine har nedlagt gjennom åra både i foreiningsliv og kyrkje. Her må det nemnast at Kristine alltid har hatt eit stort hjarte for barne- og ungdomsarbeid. På vegne av soknerådet har ho i heile 19 år skrive og delt ut dåpshelsingar til alle dåpsborn og foreldre. Som barn gjekk ho og søskena på søndagsskule på søndag føremiddag og i barnelosjen IOGT på søndag ettermiddag. Kristendom og avhaldssak går for henne hand i hand. Ho understrekar at ho i barndomsheimen og i skulen lærte å stå for alt som er rett og godt, og alt som er godt for

helsa. Dette har vore viktige levereglar alltid sidan i kombinasjon med ein nøysam livsstil. Kristine har “alltid” vore medlem av Mållaget, men leiarvervet sa ho frå seg då ho runda 80 år. Framleis er ho oppdatert på arbeidet der og full av lovord om Målungdommen som gjer ein strålende jobb. Kva ho trur om framtida til nynorsken ? Kristine rettar ryggen, lener seg fram-over og gestikulerer. Folk som vil fjerne nynorsk, manglar kunnskap om kor verdifull og viktig han er, meiner ho. Det er avgjerande at vi kan uttrykke oss skriftleg på vårt eige talemål i ordstilling og grammatikk. Dessutan er nynorsk eit klangrikt språk, ei perle vi må verdsette. Det er meningslaust å fjerne han. Nynorsk er eit språk for framtida, ikkje berre for fortida. Her er vi ved kjernen i Kristine sin innsats. Ho er ein sann tradisjons-berar, men har alltid klare tankar om notid og framtid. Mellom anna var ho den første som lanserte ideen om ei Kyrkjestove i Tresfjord og seinare ein pådrivar for å få han realisert. Om ein la ned bedehus med synkande aktivitet, kunne ein samle mykje kristent arbeid på ein stad og opprett-halde aktivitet. Slik har det gått. Ho engasjerte seg også i skulestruktur-debatten, som mange hugsar, og hevda at vi må bygge for framtida, ikkje tvihalde på det gamle. No meiner ho at det kan vere ein god idé å slå saman Mållaget og Sogelaget i Vestnes for å samle aktiviteten der også. Dette er berre noko av det Kristine er og har vore engasjert i og jobba for. No er vi i Kyrkjebladet glade for dei tekstane ho har levert til oss der ho deler tankar og erfaring med oss alle. I dette bladet får vi mellom anna eit lite glimt inn i misjonsprosjekt ho har besøkt i Afrika på ei av fleire reiser der ho har fått innsyn i misjonsarbeid ho har støtta. Kva ho er oppteken av no om dagen ? Kristine smiler. Program om natur og vitskap, mellom anna Nanoteknologi. Gull- og sølvpartiklar som er 1/1000mm er giftige. Ein må vite kva slike gjer med cellene i kroppen før ein plasserer dei i kjøleskap og på tannkostar for å drepe bakteriar. Kon-sekvensane kan bli enorme om ein slepp dette laust utan meir forskning. I dag veit vi for lite om kva dette kan føre til, svarer Kristine med fast og klar stemme. Det siste eg høyrde på P2 om nano, var at nanostøv av eit slag stoff kunne gi sjølvreinsande glasruter, legg ho til. Å lære mest mogleg om verdsrommet er også interessant. Guds skaparverk er eit stort mysterium. Heilt til slutt Kristine: “Kvar har det vorte av sykkelen din? Du er ikkje lenger å sjå langs vegane.” “Den har eg gitt bort”. Kristine smiler lunt. “Eg kjøpte han i 1948 og brukte han flittig fram til 2010. Det har vore ein god sykkel, og han er, ettersom eg forstår, i bruk av ny eigar”.



Kristine med sykkelen.

Klokkaren i Fiksdal, Kari Nakken, 70 år

Av Asbjørn Oterhals

Den spreke klokkaren i Fiksdal fylte 70 år i sommar. Sjølve feiringa var lagt til Lepsøy gamle prestegard, no Lepsøy Misjonssenter. Ho ynskte personleg ingen gåver, heller pengar til brønnprosjekt i Ngo i Kongo. Ho har mange jarn i elden og er aktiv i mange samanhengar. Hjartet bankar særleg for kyrkjelydshuset og kyrkja. Leiaren og skrivaren i soknerådet hadde ein liten samtale med jubilanten før jubileet. Ho fortel at i 1989 fekk ho førespurnad om ho kunne bli klokkar, dette fordi Kåre Rekdal ynskte å trekke seg attende. Kari kunne ikkje sjå seg sjølv i denne rolla, og i tillegg var ho medlem av Misjonsforbundet som er ein frikyrkjeleg organisasjon. Ho var medlem av Statskyrkja òg, men ho understrekar at i bygda er det godt samarbeid mellom dei ulike kristne organisasjonane. Ho takka først nei, men Kåre Rekdal tok ikkje eit nei for eit nei, og etter tredje spørsmål svarte ho: «Ok då». Etter dette har ho brunne for arbeidet i 24 år. Kari har til alle gudstenester også teke på seg å pynte i kyrkja, som regel med egne blomster. Ho har syn for den gamle, stabile klokkefunksjonen som gjer at folk i soknet gjerne tek kontakt når dei har behov for det. Ofte treng folk i sorg å ha nokon å snakke med, og mange har då teke kontakt med henne. Dette at «ho er der», er det mange som har gitt uttrykk for at dei set pris på. Kari understrekar at det er viktig å vere eit medmenneske. Dette gjeld i glede som i sorg, i tillegg til det å ta vel imot dei vanlege kyrkjegjengarane. Funksjonen min er å legge til rette ved dåp og nattverd, og dessutan ta del i tekstlesingane. Etter ny ordning har ho òg fått rolla som medliturg. Gudstenestene er eit teamarbeid, seier ho, eit samarbeid mellom prest, klokkar, organist og kyrkjetenar. I tillegg har kyrkjeverten ei viktig rolle. Kari har òg leia arbeidet med å få reist kyrkjelydshus i bygda. Oppgåva fekk komiteen 1. april 1990. Etter mange møte og diskusjonar vart det sett i gang innsamling. Første byggetrinn vart teke i bruk 24. januar 2010. Huset er ein sjølvvegande stiftelse mellom dei lutherske organisasjonane, Misjonsforbundet og kyrkja på lokalt plan. Dette har blitt eit svært godt

Lerret til Vestnes kyrkje?

Av Sindre Taklo, soknerådsleiar Vestnes sokn

Mange kyrkjer i landet har den seinare tid gått over til videokanon og lerret i samband med gjennomføring av gudstenestene. Dei tekniske løysingane vert betre og betre. Mellom anna kan ein no sende bildet frå baksida av lerretet. Dette gjer at videokanonen ikkje vert synleg i kyrkjerommet. Ulike løysingar for heving/senking av lerret har òg vorte utvikla med tanke på å gjere inngrepa i kyrkja så små som råd. Biskopen er godkjenningorgan for eventuelle endringar i kyrkjerommet. Mellom anna kan ikkje eit lerret kome i konflikt med altartavla. Finn Arne Roaldsnes og Geir Falch var i februar på besøk i Ørskog kyrkje for å sjå på korleis dei hadde løyst dei tekniske utfordringane i samband med oppsetting av lerret. Dei fekk òg oversikt over leverandørar og prisoverslag. I Ørskog har dei brukt om lag kr. 50 000 på sitt prosjekt. Soknerådet i Vestnes er positive til at det skal settast opp lerret også i Vestnes kyrkje. Ein vil no arbeide vidare i høve utarbeidinga av ei prosjektskisse. Ein må òg arbeide med finansieringa av prosjektet.



Foto: Lisette Frostad.

reiskap i barne- og ungdomsarbeidet, i tillegg til andre arrangement i bygda. Her vert det arrangert møte, fotoklubb, laurdagsklubb og mykje meir. Kari er svært glad for dei mange trufaste gjevarane, men ynskjer fleire, slik at dei kan bygge ferdig andre etasje òg. Målet er at om ikkje for mange år skal huset stå ferdig. Då har bygda eit topp moderne kyrkjelydshus til dei aller fleste kristne arrangement, i tillegg til utleige i samanheng med barnedåp, konfirmasjon og liknande. Kari syslar òg noko med diktskriving på fritida. Mellom anna har ho hatt nokre av dikta sine publiserte i tidlegare nummer av kyrkjebladet. På privat basis har Kari teke på seg å stelle graver. No har ho ansvaret for vel tretti. Ho har eit ynskje om at folk rettar opp gravminna sine, for ho synest det er så trist å sjå skakke og ustelte gravminne. Kari har gjort klokkearbeidet med glede, og kan tenkje seg å fortsette i funksjonen så lenge ho har helse til det. Fiksdal sokneråd gratulerer jubilanten med overstått feiring og er takksame for det arbeidet ho legg ned i stillinga. Vi ynskjer at ho får behalde helse i det viktige arbeidet ho gjer for kyrkja og kyrkjelydshuset.

Storslått gudsteneste

Det var mange godord å høyre etter gudstenesta i Tresfjord på Olsok. Alle melodiane var i folketonedrakt og her var med mange solide utøvarar. Anna Liv S. Gjendem filma gudstenesta, og ho har lagt ut tre av musikkinnslaga på heimesida til Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal. Dei kan du høyre ved å klikke deg inn på: <http://www.folkemusikkarkiv.no/aktuelt.html>



Foto: Helene Henriksen / VestnesAvisa.

Dugnad på kyrkjegarden i Vike

Kvar vår er det behov for dugnad på kyrkjegarden i Vike. Eit enkelt oppslag på butikken er det som skal til for at ein trufast gjeng møter opp for å rydde og gjere området rundt kyrkja fint til festdagane i mai.



Onsdag 8.mai avvikla vi årets dugnad, og bilda viser at både arbeidslysta og kaffilysta er på plass!



Kyrkja på skinner

Av Rune Singelstad

Togkapellet, som står like ved Skysstasjonen på Åndalsnes, har bakgrunn i det landsomfattande kapellprosjektet i samband med den kyrkjelege markeringa av år 2000. Prosjektet hadde tittelen: "Alteret ut til folket". Då ideen om eit togkapell kom, vart det teke kontakt med leiinga i NSB, som var i ferd med å skifte ut dei gamle togsetta med nye. NSB tende på ideen. Deretter gjekk alt på skinner. Vogna vart like før jul 2002 frakta til Åndalsnes og innreidd til kapell. I juni 2003 vart togkapellet vigsla av biskop Odd Bondevik under eit besøk av Kong Harald og Dronning Sonja. Togkapellet er ope kvar dag heile året. Eit stille rom til kvile, ettertanke og bøn, - og med høve til å tenne lys. Lysgloben er eit brukt vognhjul. Frå høgtalarane lyder dempa musikk eller Lydtestamentet frå Det Norske Bibelselskap. I tillegg til dåp, konfirmasjon og vigsel har det vore kveldsbøner, litteraturkveldar og liknande i kapellet. Siste året reknar vi med at nærare 25 000 personar frå 30 land besøkte togkapellet. Togkapellet blir drive av ein tverrkyrkjeleg stiftelse.



Barnehagar på kyrkjebesøk

Av Sigurd Moltubak



Anna Longva prøver orgelet.



Interesserte barn.

I år blei barnehagane som ligg i Vestnes og Fiksdal sokn, inviterte til kyrkja i samband med pinse. Vi hadde mange fine samlingar med engasjerte born. Dei fekk bli kjende i kyrkja, både i tårnet, på orgelkrakken og i kyrkjerommet. Mykje spanande å oppleve. Jul og påske har innhald og historier som er lette å forhalde seg til med konkrete hendingar. Meir ukjend er kanhende forteljinga om Kristi Himmelfartsdag og pinse. Anden kjem og er usynleg til stades. Vi såg på trea som bles i vinden. Sjølve vinden er usynleg, men vi skjønner av verknadene at han er der. Like eins med såpeboblene som fyk av garde og ballongane som ein slepp laus. Kan hende er det slik med Gud også? Han er hos oss, sjølv om vi ikkje ser han? Pinsa er rekna som kyrkja sin bursdag, så litt feiring blei det også!

Kontakt over kommunegrensene

Av Sigurd Moltubak

Diakon i Bolsøy, Rune Hvidsten, er sterkt engasjert i arbeid med personar med psykisk utviklingshemming. I Vestnes er vi også engasjerte; mest synleg er det i dei månadlege sittedanskveldane i kyrkjekontorkjellaren. Bolsøy har i år invitert til samarbeid om ulike kulturarrangement.

Den 7. mai var Hanne Mathiassen gjest i Bergmo kirke. Ho er ei kvinne med Downs Syndrom, og mange er blitt kjende med henne gjennom TV. Ho uttrykkjer seg gjennom dikt og har gjeve ut to bøker, "En bok om livet" og "Stille gater". Ho har også engasjert seg mot eit "sorteringssamfunn" og har m.a. hatt samtalar med statsministeren om dette. På kulturkvelden i Bolsøy var det diktlesing ved Hanne, og elles song, musikk og kveldsmat. Ei gruppe frå Vestnes og ei gruppe frå Rauma fekk vere med på ein flott kveld.



"Klem i vei."

Den 30. mai kom ein fullasta buss frå Molde til Tresfjord kyrkje. Saman hadde vi kulturkveld med våre lokale krefter. "Klem i vei", under leiing av Trond Salthammer, er ei gruppe med keyboard, trommer, munnspel, bass og vokal. Vokalisten, Jan Sigmund Varholm, hadde òg ei sterk framføring av diktet "Blåveispiken", og Jostein Brevik spelte som solist vare tonar på munnspel. Vakre song- og salmetonar frå Erling Farstad på trekkspel høvde godt i den vakre kyrkja.

Vi fekk solosong ved tre aktørar: Jan Rune Vestnes, Elin Lindset og Helga Marie Hellevik. Folkemusikk ved gruppa Werner Barth, leia av Britt Elise Skram, var med på å sette eit retteleg lokalt preg på kvelden. Moldegjestene fekk oppleve ein fin del av det rike song- og musikklivet vi er så heldige å ha i Vestnes. Inne i kyrkjestova fekk gjestene vere med på sittedans. Kvinner frå kyrkjelyden stelte i stand eit godt kveldsmåltid.

Den 17. oktober er både Vestnes og Rauma inviterte til Bergmo kirke, der planen er å lage ein kulturkveld med song, musikk og opplesing, med deltaking frå alle kyrkjelydane. Samarbeid over kommunegrensene gir inspirasjon til alle som får vere med.

Gåve til kyrkjebladet

Vestnes Songlag har ikkje vore i drift på svært mange år, og kjem nok heller ikkje til å komme i drift igjen. Liv Birgit Holseter var siste kasserar. Kaare Lervik var dirigent og med i styret. Slik situasjonen er, har vi avvikla kontoen koret hadde i Sparebanken Møre. Vi har så bestemt at pengane på kontoen, om lag 1 340 kr, skal overførast til Kyrkjebladet for Vestnes. Ikkje store beløpet, men "alle monnar drar", heiter det.


Dei få åra koret var i drift på 1980-talet, var det eit positivt til-



Sittedans.



To skribentar. Hanne Mathisen og Helga Marie Hellevik.



Werner Barth.

skot til kulturlivet i kommunen, og til glede for songarane og dei som fekk høyre koret. Kyrkjebladet ser vi mellom anna på som eit kulturtiltak. Det har fleire funksjonar, og at bladet er til glede for mange, er vi ikkje i tvil om. Bladet sin kontakt med den lokale kunsten, er noko av det vi set pris på.

Med vennleg helsing
Kaare Lervik, tidlegare dirigent og Liv Birgit Holseter, kasserar

Slekters gang

Vestnes kyrkje <i>Døypte:</i> 17.03 Natalie Aas-Furland 17.03 Kathleen Bertha Tamboboy Lervik 17.03 Augusta Lønseth Skogvoll 17.03 Martin Hornberg 31.03 Sophia Wulff Eriksen 14.04 Anna Kanutte Width-Osdal 16.06 Milla Solskjær 16.06 Aron Mikal Skogvoll Sanden 30.06 Emil Alexander Madsen Furland 30.06 Lukas Kjelsvik 30.06 Linnea Kristin Malene Berg 28.07 Madelene Møller Frostad 28.07 Mathilda Kjøpstad Langstein 28.07 Ola Drevsjømoen 18.08 Maruis Stokkeland Rypdal 18.08 Sunniva Aakernes Gjerde 18.08 Athena Melani Vik Sønstabø 18.08 Lilja Savannah Gjølsten 18.08 Jaydon Santos Madahar <i>Vigde:</i> 09.05 Hilde Rekdal og Arvid Misfjord 22.06 Sølvi Anne Nerås og Helge Knotten 06.07 Lene Beate Reed Baade og Jo Sivert Fiksdal 13.07 Hanne Rystad Solbakken og Kristoffer Øyen 24.07 Valentyna Pinchuk og Kristen Stokkeland 27.07 Stephanie Lippert og Hallvar Djupvik 10.08 Elin Janett Hansen og Per-Arne Lid	<i>Døde:</i> 19.02 John Selnes 21.02 Solveig G. Frostad 23.02 Alf Gerhard Bårdsnes 06.03 Torstein Tjelle 17.03 Jakob Ragnvald Horremsbakk 06.04 Brit Synnøve Sunde 18.04 Anne Olivia Kolbenstvedt 23.04 Oddlaug Bruaseth 29.04 Ingeborg Vike 03.06 Karen Pauline Volle 18.06 Anne Dordi Sogge 19.06 Gunni Torild Helland Tomren 23.06 Gunvor Olaus Neraas 05.07 Kirsten Anne Odlaug Gjølsten 22.07 Solveig Gerda Furnes 01.08 Torill Jakobsen Fiksdal kyrkje <i>Døypte:</i> 10.03 Isak Øverås Akselvoll 31.03 Liva Othilie Aas Frostad 09.06 Daniel Fiksdal 09.06 Adrian Aas 11.08 Julia Eilertsen (døpt i Øygardsbukta) <i>Vigde:</i> 03.08 Anbjørg Bergheim og Andrew Martin <i>Døde:</i> 31.03 Annbjørg Margrethe Ellingseter 02.05 Judith Margrethe Rekdal 10.06 John Bjerkevoll	Tresfjord kyrkje <i>Døypte:</i> 21.04 Aksel Kornelius Bårdsnes Langstein 09.05 Jesper Lid 20.05 Nikki Mari Larsen 16.06 Åsmund Rypdal Hovden (døpt på Stall Kjersem) 29.07 Kristina Louise Eidhamar <i>Vigde:</i> 15.06 Charlotte Jensen og Odd Kåre Olafsen 29.06 Heidi Kjerseim og Geir Olav Olsen 03.08 Grete-Iren Olsen Moen og Ole Jørgen Tandstad 17.08 Birgitte Lindset og Bård Våge <i>Døde:</i> 09.02 Lars Kaspar Eidhamar 10.04 Johnny Børge Kjerseim 18.04 Bjørn Syversen (gravl. Hamar) 18.04 Martha Edith Sjøholt 01.05 Mari Nerheim 30.05 Odd Småge 10.06 Gunnhild Astrid Sylte 14.06 Borghild Lindset 22.06 Kjellaug Øvstedal 09.08 Inga Elida Kleive 12.08 Sonja Bjermeland Vike kyrkje <i>Døde:</i> 02.03 Gunnar Oddleiv Pedersen 21.03 Peder Gjermundnes 09.05 Andreas Kringstad 29.05 Arvid Kringstad 07.08 Dagrun Gullvåg Ansnes
---	--	--

Mariaweekend

Da har vi gleden av på nytt å invitere til Mariaweekend på Frænabu 25.-27.oktober! Taler blir i år som i fjor Kari Olafsrud. Hun var sterkt ønsket tilbake, og sa heldigvis ja til det!

Temaet for helga er: "DER JEG ER" - i Kristus- i fellesskapet- verden. "Mariaweekend" kan for noen kanskje høres fremmed ut. Men slik som Maria viste at hun ville prioritere stillhet og lytte til hva Jesus hadde å gi, slik vil vi legge opp til en weekend med tid til både forkynnelse, fordyping, stillhet og fellesskap.

Det blir mye sang og musikk, og selvfølgelig også tid til turer for den som måtte ønske det.

Program blir sendt ut på mail og legges ut i kirkene i slutten av august, og da kan en begynne å melde seg på

Påmelding til:
A. Moltubak
a-d-mo@online.no
tlf. 98 66 37 40



Kari Olafsrud.



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

01. september 15. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

08. september 16. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon for Tomrefjord- og Hellandkonfirmantar.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

Søndagsskule.

15. september 17. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Haustrakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Takkoffer til Topp Safari.

Vike kyrkje kl. 16.00

Haustrakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Topp Safari.

22. september 18. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Haustrakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl. 16.00

Haustrakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Trusopplæring.

29. september 19. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna.

Nattverd. Takkoffer til Misjons-

prosjektet i Beghi.

06. oktober 20. s. i treeinigstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling til 5.

klasse. Takkoffer til Åkerlehaugen.

13. oktober 21. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Søndagsskule.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Sjømannskyrkja.

20. oktober 22. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Tomrefjord bedehus kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Takkoffer til

Nytt "kyrkjelydshus" i Tomrefjord.

27. oktober Bots- og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Bots- og bededagsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Søndagsskule.

03. november Helgemesse

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Diakoni-
arbeidet.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjelyds-
arbeidet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

10. november 25. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling til 5.

klasse. Takkoffer til Trusopplæring.

17. november 26. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling til 5.

klasse. Takkoffer til Bibelselskapet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Familiegudsteneste. Utdeling til 5.

klasse. Takkoffer til Trusopplæring.

24. november Kristi kongedag

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Takkoffer til Konfirmant-

arbeidet.

30. november Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Konfirmantane deltek.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i Vestnes.

01. desember 1. s. i advent

Myra kulturhus kl 11.00

Storfamiliegudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

08. desember 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer.

Søndagsskule.

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!

Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124